

HOVUDUTSKRIFT

FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

STYREMØTE

Møtedato: 10. juni 2022

Tidspunkt: kl. 0900 – 1200

Som medlemmer møtte: George Fulford, Anne Holstad, Camilla Storøy, Margareth Leinebø, Kjartan Grimstad og Bjarte Uglum

Følgjande medlemmer møtte ikkje: Arnljot Muren

Frå administrasjonen møtte: Arnstein Myklebust

Andre:

Saker som vart handsama: Sak nr S20/22 – S23/22

Vedtaksaker:

SAK NR S20/22
GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak, samr.:

Innkalling og sakliste vart godkjend.

SAK NR S21/22
PERIODEREKNESKAP PR. 30. APRIL 2022.

Rekneskapet pr. 30. april 2022
Kommentarar til rekneskapet blir lagt fram på møtet.

Unntatt offentlegheit, jfr. offentleg-lova § 14, første ledd.

Møtebehandling:

Høge kostnader til energigjenvinning i rekneskapen, dette skriv seg av auka avfallsmengder samt (uvent) innføring av Co2-avgift på forbrenning. Så langt i 2022 utgjør forbrenningsavgifta 168.000,- på restavfall/grovavfall.

Betydeleg auke i drivstoffkostnader påverkar SSR som ein stor transportaktør.

SSR skal ha vidare fokus på kvalitetssikring av fordelingsnøklar.
Innføring av Reknes WMS innanfor næringssegmentet etter ferien (september) vil styrke dette arbeidet.

Vedtak, samr.:

Styret godkjenner rekneskapet pr. 30. april 2022.

SAK NR S22/22
ORGANISASJON

Saka er unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, 1. ledd.

Status organisasjon, og planlagte endringar for å styrke dagens organisasjon og å legge til rette for å ha kapasitet for vidare utvikling av selskapet i tråd med lovkrav og forventningar til SSR som renovasjons/miljøsekskap.

Eige vedlegg til saka.

Møtebehandling:

Driftsavdelinga vert styrka ved å opprette ei ny stilling som driftsleiar for miljøstasjonar og innhenting av hushaldningsavfall.

Den nye stillinga vil og gi ei styrking av personalfunksjon.

Styret ønsker at det vert laga ein funksjonsbeskrivelse og ei utlysningstekst for stillinga til sommarferien.

Stillinga skal lysast ut snarast, dagleg leiar vurderer om det skal nyttast rekrutteringsbyrå.

Den nye stillinga vert og sett inn mot satsing mot næring ved at dagens driftsleiar får ny funksjon som driftsleiar for transport, logistikk og næring.

Styret har meldt til representantskapet at ein på oktobermøtet ynskjer ei sak vedrørande omfanget av næring i selskapet. Det vert her naturleg å vurdere behovet for oppretting av eit eige næringssekskap, SSR Næring AS.

Styret støttar sikring av økonomifunksjon ved innleige av eksternt firma (Datasamarbeid AS, Driv Økonomi AS) grunna sjukefravær.

Det er behov for varig styrking av økonomifunksjon, ønskelig med ein controller.

Styret ber om tilbakemelding på løysing av funksjonen økonomi/controller på neste styremøte, eller når dagleg leiar har dette klart etter ferien.

Bedrifta har pr i dag ikkje AMU (arbeidsmiljøutval), da dette ikkje er lovpålagt for bedrifter med ferre enn 50 tilsette.

Vedtak, samr.:

Styret ser positivt på dei framlagte endringane i organisasjonsmodellen og vedtek å opprette ei ny stilling som driftsleiar miljøstasjonar og innhenting av hushaldningsavfall. Stillinga skal lysast ut snarast.

SAK NR S23/22
DAGLEG LEIAR ORIENTERER

Dagleg leiar orienterte om følgande:

- Status Fløstranda.
 - o Arbeidet med å ta ut stein er starta
 - o Planlagt start sikringsarbeid i juni månad.
- Personalsituasjon/sjukemeldingar
- Samarbeid i regionen
 - o Sjå eige saksvedlegg

Vedtak, samr.:

Styret tek orienteringa til vitande


George Fulford
styreleiar


Camilla Storøy
nestleiar


Margareth Leinebø


Anne Holstad


Arnljot Muren


Kjartan Grimstad


Bjarte Uglum

Arnstein Myklebust
Dagleg leiar